



## Referat: Styremøte AAHL, 21.juni 2010

*Mrk at referatet først blir godkjent i neste styremøte.*

Til stades: Jonny Vindfjell, Margaret Skorpen, Marie Thygesen, Edle Gulløy Larsen, Helle Breda-Gudbransen og Signe Sollien Haugå.

Sak 19/10 Sakliste/ innkalling:  
Sakliste/innkalling – godkjent.

Sak 20/10 Godkjenning av referat – møte 31.mai 2010:  
Referatet vart godkjent med mindre justeringar i ordlyd13/10-1 og endring av saksnummer.

Sak 21/10 Post inn:  
Ingen post registrert sidan førre møte utover massemailar som og har gått til lokallagsleiarar.

Sak 22/10 Personalpolitikk eller husflidsarbeid?  
Det vart framført kritikk i høve skivar / eigarrepresentant i butikkstyret på grunn av opplevd manglande informasjon vedrørende Husfliden. Skivar tok på seg alt ansvar for dette og forklåra prioriteringa og grunnar til at ein ikkje har hatt kapasitet til å vere på høgde / tida i høve ønskja informasjonsflyt. Underteikna oppmoda til å ha forståing for at tida er knapp og at ein levarar så langt ein evnar! Styreleiar oppmoda til å fokusere på det positive og oppdrag som kan gi resultat og nytte utover i organisasjonen og primært i høve lokallaga.

Sak 23/10 Oppfølgingssaker – førre møte:

1) Landsmøtet:

Helle og Marie rapporterte om eit interessant og vellukka arrangement i Oslo. Edle refererte til brev vedrørende deltakinga i Spikersuppa med barnelaget som var opplevd som meir blanda. Signe etterspør tilbakemelding frå NH.

2) Årsmøte i Lillesand.  
Trekt – jf. ref. 31.mai.

3) Husfliden.  
Dagleg leiar har sagt opp. Butikkstyret har arbeidd med å få til ei mellombels ordning. Generalforsamling vil bli gjennomført innan 1.juli. Signe avklårar tidspunkt med styreleiar.

4) Lotteriet:  
Går sin gang – kasserar har ledige loddbøker til disp. Ta kontakt om nokre har "ledig kapasitet" til loddsal☺

5) Jubileumshefte

Marie og Margaret intensiverar trykket i høve innhenting av bilete – og ringer rundt til lokallaga ☺

6) Jubileumsmarkering

Vi inviterar til jubileumsmiddag på Holmen Gård 16.oktober for å markere AAHL 85 år/ Husfliden Arendal 75 år og NH 100 år. Festmiddagen startar kl. 18:00.

I framkant skipar ein lokallagssamling med kortkurs og aktuell informasjon. Aktuelle tema kan vere; "open post" – lokallagas forventingar / ønskje og behov vs fylkeslaget, heimesidebruk, nytt frå Noregs Husflidslag, nytt frå studieforbundet vs kursansvarlege , aktuelt/ inspirasjon i høve arbeid med barn og unge. Denne bolken startar med lunsj og ymse møte/modular fram til kl16. Endeleg program / påmelding kjem etterkvart.

7) Aktivitetar i AAHL-regi hausten 2010 / fylkeslaget si rolle / funksjonar i høve lokallaga?

8) Holmen Gård; Signe orienterte om deltaking i generalforsamlinga til HG Eigedom AS.

Sak 24/10 Ymse:

1) Medlemsavisa - Styret hadde eit kreativt ordskifte om aktuelt stoff – og ønskje om stoff t.d. med nokre presentasjonar, oppskrifter og anna. Vi freistar det i tillegg til å presentere stoff frå lokallaga. Hugs å sende stoff i tide – innan 1. august ☺

Neste møte:

Den 10. august kl 18:00 – Bygland i den gml.prestegarden / Frivilligesentralen – Husflidslaget sine lokale ☺

Hugs: aktuell sak: kurslæreroversikta – oppdatering..

Ref., 21.juni 2010

Signe S H